

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Selje (og N-Vågsøy)

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året.  
Bygdelag: Stadlandet

Oppskr. av: Ole Kr. P. Fure

Gard: Indre Fure

(adresse): Drage Nordfjord.

G.nr. 48 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Delvis av far, f. 1848, d. 1934, gårdbr.

## SVAR

1. För enn ein hadde sett eld i det, vart det kalla: Såte, eller dunge.  
Når der var sett eld i det, kallast det for: Bål, eller brising.
2. Bål som ein brende t.d. i marka utan tilknytning til visse dagar, kallast for det meste brising. Det var som oftast nyreve lyng, (rått lyng) som vart nytte til slike bål eller brisingar, og som oftast var det berre røyken som var synleg i noko fråstand. Slike vart kalla berre brising, når ein såg dei noko burte.
3. Nei, berre, "eit stort bål" eller eit lite bål.  
Tida.
- 4-7. Har ikkje høyrte om slik brenning.
8. a. Jonsok-kvelden, (Jonsokafta) vart det alltid brendt bål, om veret var slik at ein kunne vere ute. (Ikkje formykje regn).  
Vart ein hindra jonsokafta, so kunne det hende at ein brende bål sjölve jonsokdagskvelden, men som oftast vart det utsett til (Syftesokafta).
- b-c. Elles ikkje på andre dagar.
- d. Det hende av og til, at det vart brendt bål Olsok-aftan, men det var meir sjeldan.
9. Eg minnest at der omkring i bygdene vart brendt brising, den dagen når dei hadde krötera (kyrne) på fjellet, eller stölen.  
B. Far fortalde at för (d.v.s. i gamal tid) brende dei brising for å jaga burt huldre og anna u=tyske, Men sa han,- no er det berre for å gje til kjenne, at i dag har vi buskapen på fjellet. Her i mi bygd har ein ikkje brendt brising i det höve, det eg kan minnast, med undantak av at gjætargutane brende for moro, utan tanke på noko anna. Det var eg sjölv med på, men tenkte berre på at det var moro å sjå det brenne.
10. Nei, ikkje det eg har høyrte.
11. Sjå, sp. 8.a
12. Det vart tennt omlag kl. 10 på kvelden, dei bål som er nem=ntünder 8.
13. Til lenger det brann des betre var det.

Staden.

14. Bålstaden her i bygda, var på ein bergknaus, omla omlag 400, m. vest for bustaden. Alle bustadane står i eit tun.  
Dei siste åra er bålstaden flytt inn om bustaden, ned i fjöra, nær sjöen, fordi der var so mange mindre årige born, og den tidligare staden var meir fårleg for disse, då dei lett kunne falla i sjöen eller utfor høge berghamrar.
15. Bålstaden var, og er den samme for alle bål.
- 16.17. Jonsok- Syftesok- og Olsokbål, var berre eit i kvar bygd, men stölseld, også kalla bu=eld, stölsbål, var i gamal tid vanleg eit bål for kvar stöl. Var der fleire gardar som stöyla i samman, so brende dei eit bål, var der so nokon andre som hadde kyrne opp på ein annan stad, so brende dei bål der også.
18. 19. Det var og er for det meste vaksen ungdom, gift og ugift, som er med å brenne bål.
20. No er det for det meste born, og "tenåringar" som syte for å brenne bål. Når so bålet er tent möter også andre opp, ja, heilt opp til 60 åringar. (I år var også amerikanske feriefolk med).
- 21=22. Ukjendt her.

Korleis dei bygde bålet.

23. Bygde det på berre berget,
24. Alt brennbart vart nytta. Gamle kjøretynner gamle båtar, men det var no sjeldan. Rekved og Lyng, pappkasser, gamle garnblåser, og elles alt muligt som skaffast kunne.  
I min barndom og för, var det som oftast ei kjøretynne, eller ei levretynne. (Levretynne var ei tynne som hadde vore nytta å ha fiskelever i for å få tran skilt frå levra. Dei kunne ikkje nyttast meir enn to = tre år.). Det var den tid nok med ei tynne. No er det store såter eller dungar med alt brennbart
25. Ukjendt her.
26. 27. Bålvyrkje var skaffa ved "tiggeri" frå vore foreldre, og det har halde seg fram gjennom tida.
28. Det var og er vanleg, samlemåte,- meir no enn för.
29. Det kunne nok hende at slik samlemåte vart kalla brandskutting, men som oftast i ein mild tone, utan å leggja noko ilt i orda.
30. Ja, eg har höyrt det har vore sakt, at no har "ongane" vore her å brandskatta, men eg trur ikkje det er noko tradisjon i uttrykkjet.
31. Båla kunne vere av ymse storleik, alt etter som ein fann brennfang. Ingen regel.
32. Sjölvtsakt var det om å gjera at bålet var stort, men ein hadde her ikkje nokon å tevla med om storleiken
33. Det måtte vere störst mogeleg flamme.

34=35. Nei, det høyrede eg sjeldan om.

Kva bålet skulle tene til.

36-39. Far fortalde, at dei sa for gamalt, at stöls-eld, bu-eld, skulle drive burt hulde og anna skrömt. og summe trudde det vel og, sa han.

Elles har eg ikkje høyrt ~~ik~~ noko anna båla skulle tene til.

Når det gjeld jonsok- og syftesok-bål, her, so rekna ein med at laksen skulle koma opp under land her, og so gå i laksenötene. Dette hadde dei som var "gamle-karar" i min ungdom stor interesse av, å difor var dei hjelpsame med å skaffe brennfang.

Men so var no dette sermerkt for bygda her.

Sjölve festen ved bålet.

40-41.

Her var det helst lite fest ved bålet. Bål-staden gav ikkje høve til det. Det var for det meste å sitja å sjå på elden, å so sjå etter andre bål i bygde omkring.

Det var frå gamalt helst ungdom som var ved bålet, dei gamle sat heime å såg på. Nokon fest var det ikkje å snakke om her. Det einaste var at ein hadde kokt laks i suppe, til kvelds, på jonsok-aftan. Drik og dans, forekom ikkje her i mi bygd. Då eg var ung, (1912-1920) var her 10-12 ungdomar, og ingen av dei kunne danse. Drikk hadde vi heller ikkje, og ikkje har eg høyrt om at nokon har hatt ~~g~~ drikk nå seinare heller. I förre århundradet var der nok ein og annan som hadde drikkevarer, men det var helst tenarar. Her var og er ingen avholdsfolk, og bryggja gjorde dei framtil 20-åra (1920), men berre til Jul. og bryllup.

42.

Dei var ved bålet so lengje det brann.

43.

Dei hadde ikkje mat og ikkje drikke ved bålet.

44-47.

Nei, ~~drikk~~ ikkje det eg har høyrt.

Skikken i dag.

49.

Eg trur ikkje folk har noko meining med å brenne bål i dag. Det er berre ein tradisjon som er gått inn i folks medvit. Det er ikkje so sjeldan å høyre vaksne folk sei, at det er ikkje noko å brenne bål etter, (det gjeld ser-leg jonsok-bål, som er det mest vanlige). Men for å gledja borni, so let dei borni samle branne. Eg trur ikkje den har nokon oppgäve.

50.

Skikken har halde seg det nokon kan minnast, og er omlag som för etter storleiken av ungdoms

51.

flokken.

Antal born og ungdom.

-----